

Årsmelding for Sagvåg bedehus og Sagvåg Indremisjon 2010.

Et år er forbi, og det er tida for å sjå attende på arbeidsåret 2010.

Styret.

Etter årsmøtet i januar 2010 har styret hatt denne samansetninga:

Kjetil Harestad	formann	går ut
Rune Petterteig	nestformann	ikkje på val
Hans Rolfsnes	sekretær	ikkje på val
Kåre Lie		ikkje på val
Torbjørn Soleng		går ut

Vararepr:

Laila Teigen

Anne Gro Helland

Rannveig Petterteig kasserar

Styret har styremøte ei gong i månaden. Styremøta har saker angående arbeidet på bedehuset, møteplanen og vedlikehald av bedehuset vore handsama.

Styret har i forbindelse med dei store arrangementa, 17 mai, julebasar og julefest spurd eigne komitear. Det vart ein del telefonar for å få på plass komiteane, men dette har vore ein arbeidsmåte har fungert og ein stor takk til alle som har svara ja og delteke i desse komiteane.

Møter og samlinger.

Faste samlinger på bedehuset:

Torsdagsklubben

B:Kids

Torsdagsope

Ope Hus

Vaksentreff

Vi over 60

Sagvåg Indremisj Kv.forening

Hovedleiar:

Elisabeth Fauskanger

Elisabeth Fauskanger

Gunvor Lie Andersland

Rune Petterteig

Brynhild Stautland

Sverre Gjøsæter/ Henry Thuestad

(går på omgang i heimane)

Festar.

Det var i 2010 fleire festar på bedehuset; 17. mai fest, Samlingsfest, Julebasar og Julefest.

Desse samlingane samlar mykje folk og er viktige for bedehuset.

Weekend Brandøy for kyrkja og bedehus.

Det vart mars 2010 gjennomført ein generasjons weekend til Brandøy. Bibeltimedholdar var Arnt Johan Vistnes som og var med i komiteen for weekenden saman med Brynhild Stautland og Kjetil Harestad.

Gjert Asle Tolås var med som musikal, andaktsholdar og humørspeiar.

Det var ca 70 deltakarar på weekenden og undervegs var det mykje snakk om at dette måtte gjentakas.

Det er reservert ei helg i september 2012 også denne gong på Brandøy.

Møteveker.

Det var i 2010 3 møteveker der ei var saman med Horneland bedehus.

Månad	Organisasjon	Talar
Februar	Indremisjonen	T. Steinsland
April	NLM	W. Lunde (saman med Horneland)
September	Indremisjonen	J. Skultlaberg

Styrken med møteveker og møtehelger er at det er same talar på fleire samlinger. Då er det lettare å t.d. undervisa meir utfyllande over eit tema. Det varierar litt kor mange som kjem på møta, på vanlege møte ligger snittet gjerne på 20-30 personar, nokre fleire på møta saman med Horneland, mens i forbindelse med ein generasjonskveld var det fullt hus og 70 små og store.

Søndagsmøte/familiesamling

Stort sett er det søndagsmøte når dei enkelte organisasjonane kjem og har møte på bedehuset. Styret har så godt som mogleg forsøkt å gjennomføra møte kvar sundag utanom når det er kveldsgudsteneste. En del har etterlyst faste familiesamlingar og dette er organisert betre frå og med våren 2011. Nokre møter er arrangert saman med Horneland Bedehus.

Enkle møte frå andre organisasjonar.

Israelsmisjonen

NLA

NMS

Normisjon

Samemisjonen

Norsk Gideon

Betelskipet

Blå Kors

Bønemøta.

Bønemøta på torsdagskveldane er viktige for arbeidet på bedehuset. Her blir både arbeidet på bedehuset, i kyrkja og bygda vår lagt fram for Gud. Også dette året har nokre av bønemøta vore nattverdsmøter.

Nattverdsmøter:

Det er Torbjørn Soleng, Hans Rolfsnes og Henry Thuestad som på omgang har ansvaret for nattverdsmøta.

Det var i 2010 10 samlingar med nattverd.

Basar.

Julebasaren var 27. November til inntekt for bedehuset. Det var mykje folk(sprengfullt rundt 180 personar). Styret takkar komiteen som stod bak arbeidet med julebasaren for eit godt gjennomført arrangement og for eit rekord resultat på heile 67.000. 17. mai fest, julebasaren og julefesten, gav samla ei inntekt på ca 78000 kr.

Idedugnad barne og ungdomsarbeid:

Det vart tidleg i oktober gjennomført ein idedugnad på bedehuset med tanke på barne og ungdomsarbeid. Det blei i dette møte sterkt utfordra på å gjennomføra fleire samlingar for heile familien og at dei samlingane som hadde vore var satt pris på. Dette er satt i et betre system for våren 2011, og mange har sagt ja til å delta i dette arbeidet. Vidare var det fokus på at vi kunne verta betre å annonsera vårt arbeid med plakatar på butikkar og lappar på skulane.

Nye nettsider:

Kjetil Fyllingen har hjelpe oss til å få opp egne heimasider. Sjå www.sagvagbedehus.no Bruk verktøyet til å halde deg orientert om arbeidet og bruk det til å reklamere for arbeidet.

Økonomi og investeringar

Økonomi.

Den økonomiske stoda for bedehuset er god. Det er ikkje lån på bedehuset, og vi har pengar på konto. I 2010 har vi brukt litt meir pengar enn som er samla inn, inkludert i forbruket er investeringar og gåve til indremisjonen. Viser til rekneskapen for fleire detaljar.

Investeringar

Det kjøpt inn ekstra dekketøy til kjøkkenet, elles ymse mindre investeringar i teknisk anlegg og anna.

Samarbeid.

Samarbeid med kyrkja

Det har vore samarbeidsmøte mellom kyrkja og bedehuset i 2010. Det var ei felles medarbeidarsamling/inspirasjonssamling på bedehuset i november for alle som deltek på ein eller anna måte i frivillig arbeid i kyrkja eller på bedehuset.

Samarbeid med Indremisjonssamskipnaden.

Vi takkar for godt samarbeid med indremisjonkontoret i 2010. Dei har stilt med talarkrefter til 2 møteveker/helg, samt at dei stiller med talarkrefter på sentrale arrangement. Sagvåg Indremisjon har delteke med oppgåver i forbindelse med haustmøte. Det er viktig for Sagvåg Indremisjon å ha god kontakt med Indremisjonkontoret. Det er og viktig å støtte opp om det arbeidet Indremisjonssamskipnaden gjer.

Samarbeid med Horneland bedehus.

Det er gjennomført 1 møteveke saman med Horneland, i tillegg var me med på st. Hans feiringa på Horneland. Det er oppmuntrande å støtta opp om kvarandre sitt arbeid.

Mål for arbeidet på bedehuset i 2011.

Mål:

- Månadleg samling for heile familien og på tvers av generasjonar.
- Diverse utvendig maling, rehab. tak kjøkken, ordinært vedlikehald.
- Få engasjere mange i eigne komitear for 17.mai fest, samlingfest, julebasar og julefest. Det er viktig at arbeidsoppgåvene blir fordelt, og at fleire deltek.
- Utvikle samarbeidet med både Nysæter kyrkje, indremisjonssamskipnaden og bedehusa rundt oss.

Visjonen vår er:

"Vi vil byggja varme, inkluderande kristne fellesskap, vinna nye for Jesus og gjera dei til hans disiplar".

På Sagvåg bedehus er det jevnlege samlinger og aktivitetstilbod for alle aldersgrupper, frå dei nyfødde og til dei eldste.

Styret er glad for og sett pris på at så mange er aktive som leiarar i dei ulike laga tilknytta bedehuset. Difor ynskjer styret at det skal vera eit mål å ha årlige medarbeidarsamliger med ulike tema og god servering. Styret vil leggja til rette for ei medarbeidarsamling i 2011.

Vårt ønske for 2011 er at bedehuset skal vera ein god stad å vera for både liten og stor.

- At vi må få bli bevarte hos Jesus

- At dei som kjem på bedehuset må oppleva fellesskap, kameratskap og at dei blir både sett og sett pris på
- At det må lukkast å få på plass komitear til dei store arrangementa på bedehuset
- At det må vera nok leiarar i dei ulike laga på bedehuset
- At leiarane trivst, samarbeidar godt og opplever at det arbeidet dei gjer med å gje Jesus til barna og ungdomen er viktig
- At fleire i Sagvåg må få del i det Jesus har gjort for dei

Til slutt et ord frå Joh 4 v10-12: Ja, dette er kjærligheten, ikke at vi har elsket Gud, men at han har elsket oss og sendt sin Sønn til soning for våre synder. **11** Mine kjære, har Gud elsket oss slik, da skylder også vi å elske hverandre. **12** Ingen har noen gang sett Gud. Men dersom vi elsker hverandre, blir Gud i oss, og hans kjærighet er fullendt i oss

Sagvåg Januar 2011

Styret v/ formann Kjetil Harestad